



Innkalling av Utval for helse og omsorg

Møtedato: 28.04.2020
Møtestad: Teams-møte
Møtetid: 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

På grunn av korona-situasjonen vert møtet i utvalet halde på Teams.

Sakliste

Saknr	Titel
013/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/20	Godkjenning av møteprotokoll 10.03.20
015/20	Tilsynsavgift for tobakksvarer frå 01.01.2020
016/20	Meldingar og orienteringar

21. april 2020

Ståle Juvik Hauge
møteleiar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Arkiv:
JournalpostID: <jplD> 20/20195
Saksbehandlar:
Dato: 21.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
013/20	Utval for helse og omsorg	28.04.2020

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv:
JournalpostID: <jplD> 20/18860
Saksbehandlar:
Dato: 14.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
014/20	Utval for helse og omsorg	28.04.2020

Godkjenning av møteprotokoll 10.03.20

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saka:

16.03.2020 Protokoll - Utval for helse og omsorg - 10.03.2020 1363903



Møteprotokoll for Utval for helse og omsorg

Møtedato: 10.03.2020
Møtestad: Alver rådhus, kantina
Møtetid: 12:00 - 15:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	AP	Utvalsleiar
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Thore Helland	FNB	Medlem
Hendrik Weber	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
May-Irene Wergeland	SP	Nestleiar

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Ingrid Sødal Eidsnes	SP	May-Irene Wergeland - SP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef Leni Dale, kommunalsjef Hogne Haugsdal, rådgjevar helse og omsorg, Grete A. Herøy, møtesekretær Arthur Kleiveland

Sakliste

Saknr	Tittel
008/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/20	Godkjenning av møteprotokoll
010/20	Søknad om serverings- og skjenkeløyve etter eigarskifte ved Sansetunet AS
011/20	Alkoholpolitisk plan for Alver 2020-2024
012/20	Meldingar og orienteringar

008/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Utval for helse og omsorg 10.03.2020:

Behandling:

Utvalet godkjende innkalling og saksliste.

HO- 008/20 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

009/20: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen for møte 4. februar 2020 vert godkjend.

Utval for helse og omsorg 10.03.2020:

Behandling:

Utvalet godkjende møteprotokoll for 4. februar.

HO- 009/20 Vedtak:

Møteprotokoll for vert godkjend.

010/20: Søknad om serverings- og skjenkeløyve etter eigarskifte ved Sansetunet AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av Serveringslova og Alkohollova vert søknad om serverings- og skjenkeløyve innvilga.

- Løyvehavar: Sansetunet AS, Falkangervgen 171, 5108 Hordvik org. nr 923825622
- Dagleg leiar og styrar for skjenkeløyvet: Tom Halland Kristiansen f. 05.01.68
- Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i Sansetunet selkapslokaler, med tilhøyrande terasse, Skjellangervegen 600, 5917 Rosland
- Skjenkeløyvet gjeld til 30.09.20
- Opnings- og skjenketid etter til ein kvar tid gjeldande reglar.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtaket, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Fylkesmannen i Vestland. Klage kan sendast til Alver kommune.

Utval for helse og omsorg 10.03.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

HO- 010/20 Vedtak:

I medhald av Serveringslova og Alkohollova vert søknad om serverings- og skjenkeløyve innvilga.

- Løyvehavar: Sansetunet AS, Falkangervgen 171, 5108 Hordvik org. nr 923825622
- Dagleg leiar og styrar for skjenkeløyvet: Tom Halland Kristiansen f. 05.01.68
- Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i Sansetunet selkapslokaler, med tilhøyrande terasse, Skjellangervegen 600, 5917 Rosland
- Skjenkeløyvet gjeld til 30.09.20
- Opnings- og skjenketid etter til ei kvar tid gjeldande reglar.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtaket, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Fylkesmannen i Vestland. Klage kan sendast til Alver kommune.

011/20: Alkoholpolitisk plan for Alver 2020-2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2024 vert lagt ut til offentleg høyring. Høyringsperiode er sett til 6 veker.

Utval for helse og omsorg 10.03.2020:

Behandling:

Kommunalsjef Leni Dale og rådgjevar helse og omsorg, Grethe A. Herøy orienterte og svara på spørsmål.

Else Marie S. Dale (KrF) sette fram følgjande endringsframlegg:

Punkt 8.2: Fjerne ordet alminneleg

Framlegget fekk ei røyst (Else Marie S. Dale, KrF) og fall mot sju røyster.

Else Marie S. Dale (KrF) sette fram følgjande endringsframlegg:

Punkt 8.2, kulepunkt 3: Fjerne henvisning til opplæringslova.

Punkt 8.2, kulepunkt 6 blir fjerna

Framlegget fekk ei røyst (Else Marie S. Dale, KrF) og fall mot sju røyster.

Else Marie S. Dale sette fram følgjande sekundærframlegg:

Punkt 8 - "Særlege høve": Ikkje utviding av skjenkeløyve i kombinerte anlegg i høve til kva det er i dag, dvs at det kan vere utleige til arrangement med alkoholserving i Radøyhallen, Lindåshallen og Nordhordlandshallen.

Framlegget fekk 1 røyst mot 7 røyster, og fall.

På vegne av Alver Arbeidarparti sette Kirsti Gjetle Floen (Ap) fram følgjande endringsframlegg:

Det blir opna for alkoholsal på julafta.

Fire medlemmar røysta for endringsframlegget (Ståle J. Hauge, Ap, Kirsti Gjetle Floen, Ap, Roy Bø, Frp, Hendrik Weber, R, og fire røysta mot (Else Marie S. Dale, KrF, Sølvi Knudsen, Sp, Ingrid Sødal Eidsnes, Sp, Thore Helland, Fnb).

Med utvalseleiareren si dobbelrøyst vedtok utvalet at det i alkoholpolitisk plan blir opna for alkoholsal på julafta.

Utvalet røysta deretter over alkoholpolitisk plan i sin heilskap.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg med følgjande tillegg:

- Det vert opna for alkoholsal på julafta.

HO- 011/20 Vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2024 vert lagt ut til offentleg høyring, med følgjande tillegg:

- Det blir opna for alkoholsal på julafta.

Høyringsperiode er sett til 6 veker.

012/20: Meldingar og orienteringar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering

Utval for helse og omsorg 10.03.2020:

Behandling:

Utvalet si planlagde synfaring vart avlyst på grunn av situasjonen med korona-viruset. Utvalsleiaren sa at synfaringa vil bli gjennomført når situasjonen er avklart. Kommuneoverlege og smittevernlege i Alver, Therese Folgerø orienterte om status og beredskap i handteringa av koronaviruset.

Kommunalsjef Hogne Haugsdal orienterte om medverknad i kommuneplanen sin samfunnsdelen og om prosess med kommunedelplan for helse, sosial og omsorg.

Kommunalsjef Leni Dale orienterte om mandat for arbeidet med retningslinjer for feriereiser for personar med hjelpebehov.

Utval for helse og omsorg tok meldingar og orienteringar til orientering.

HO- 012/20 Vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering



Arkiv: FA-U62
JournalpostID: 20/18910
Saksbehandler: Grete Algrøy Herøy
Dato: 14.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Utval for helse og omsorg	
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Tilsynsavgift for tobakksvarer frå 01.01.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune si tilsynsavgift for salsstader for tobakksvarer og tobakkssurrogater til forbrukar vert sett til kr. 3150,-. pr. år.

For mellombelse salsstader for tobakksvarer vert avgifta sett til kr. 630,-.

Endringa gjeld frå 01.01.2020.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for Helse og omsorg.

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast av kommunestyret.

Bakgrunn

Med verknad frå 1. januar 2018 skal alle som sel tobakk og tobakkssurrogater (eks. e-sigarettar) vere registrert i Tobakksalgsregisteret. Kommunane vart frå same dato pålagt å føra tilsyn med registrerte salsstader av tobakksvarer. (Lov om vern av tobakkskader <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1973-03-09-14?q=tobakkskadeloven>)

Saksopplysninger:

Tilsynet inneber at det skal førast kontroll med at det ikkje vert selt til mindreårige og at salsstaden har internkontrollsystem for sal av tobakksvarer og tobakkssurrogat. Det skal førast tilsyn med salsstadane så ofte som behovet tilseier, og kvar stad skal

kontrollerast minst ein gong pr år. Det skal årleg utførast minst to gonger så mange tilsyn som det er salsstadar i kommunen. Alkoholkontrollørane utfører tilsynet, saman med kontroll av sal/skjenking av alkohol. Ved gjennomføring av kontrollar, får kommunen utgifter til opplæring, løn og reiseutgifter.

Kommunen kan krevje ei årleg tilsynsavgift til dekning av kostnader med tilsynet. Frå salsstader av tobakksvarer og tobakksurrogater til forbrukar er maksimal tilsynsavgift kr. 4.700,- pr år. For mellombelse salsstader kan kommunen krevje ei årleg tilsynsavgift på kr. 1.250,-.

Det er opp til den einskilde kommune å fastsetje sin sats opp til maksimalsummen. Kommunen kan også velje å la vere å ta avgift.

Dei tre kommunane som no er Alver kommune, la seg alle, ved innføring av ordninga, under maksimal satsen som var gitt i lova. Dei tre kommunane fastsette same sats; kr. 3.000,-pr. år for salstader for tobakksvarer og tobakksurrogater. For mellombelse salsstader vart satsen fastsett til kr. 600,- .

(Sak K 124/2017, i Meland 13.12.2017, sak 59/2017 i Radøy 07.12.2017 og sak 06/2018 i Lindås 15.02.2018))

Det er rimleg å justere satsen i forhold til ordinær prisstigning, og etter SSB sin prisjusteringkalkulator utgjør det ei endring på kr. 150,- frå satsen ved innføring i 2018 (ved faste utsalsstader)For dei mellombelse salsstadane vert endringa kr. 30,-.

Tilsynsavgifta vert lagt inn i sak gebyr-og betalingsattsar for 2021.

Arkiv:
JournalpostID: <jplD> 20/20199
Saksbehandlar:
Dato: 21.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
016/20	Utval for helse og omsorg	28.04.2020

Meldingar og orienteringar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i eldrerådet.

Saksopplysningar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar/orienteringar:

- Orientering om tiltak/beredskap i Alver i koronasituasjonen v/kommunalsjef Leni Dale
- Orientering om framdrift for politiske saker knytt til utvalet v/kommunalsjef Leni Dale